

Evaluering av regionalplan for Sogn regionråd 2017-2020



1 Innleiing

Regionalplanen med felles mål, strategiar og tiltak er eit verktøy i regionrådet sitt arbeid med å utvikla regionen. Planen blir laga kvart fjerde år og gjeldande plan er for 2017-2020. Regionalplanen har fokus på det regionale perspektivet og felles satsingar, og skisserer dei viktigaste satsingsområda som kommunane vil samarbeida om og løysa i lag i perioden.

Proessen med ny plan vil starte neste år og evalueringa bør derfor gjerast før planarbeidet startar opp. I forkant av arbeidet er det ønskeleg at kommunane drøftar: Kva var vi gode på? Kvifor? Kva bør vi bli betre på? Korleis?

Notatet inneheld ei oppsummering med ein faktadel om kva som gjennomført, ein gjennomgang og vurderingar av planproessen og diskusjonsgrunnlag (vedlegg) for kommunane om erfaringar med gjeldande plan og kva som kan gjerast betre til neste regionalplan.

2 Oppsummering av tiltak og aktivitetar

I dette notatet er det utarbeidd ein kortfatta gjennomgang av aktivitetane. Det vert vist til årsmeldingane for 2017-2018 for meir utfyllande informasjon.

2.1 Næringsutvikling

Reiseliv

- Prosjektet masterplan og berekraftmerking av reisemålet Sogn starta i 2017. Arbeidet inneber ei kvalifisering for Innovasjon Norge sitt destinasjonsmerke for berekraftige reisemål og er ein integrert del av masterplanarbeidet. Gjennom prosjektet skal Sogn utviklast som reisemål. Sogn regionråd er prosjekteigar og Visit Sognefjord er prosjektansvarleg. Prosjektet er finansiert av Innovasjon Norge og Sogn regionråd.
- Sogn regionråd løyver årleg midlar til Visit Sognefjord til internasjonal og nasjonal marknadsføring.
- Rådet støttar prosjektet Sognefjord Fjord Bike & Hike. Rådet løyvde midlar til forprosjektet i 2018.
- Fellesgodefinansiering/reisemålsbidrag har vore drøfta i rådet. Det blir gjennomført ei utgreiing i regi av Visit Sognefjord og Verdsarvrådet om utfordringar, modellar og forslag til reisemålsbidrag.

Samhandling

Sogn regionråd ønskjer å bidra til å styrke samarbeidet med næringsliv, utdanningsinstitusjonar, forskingsmiljø og organisasjonar. Rådsmøta er også arena for slik dialog og samhandling.

Merkevarebygging

Bedrifter, organisasjonar og FoU-miljø i Sogn har teke initiativ til ei felles regional satsing på natur, helse og aktivitet. Südtirol har spesialisert jordbruksnæring, aktivitets- og helseretta turismnæring,

tilrettelagde lokalsamfunn og samfunnsengasjerte bedrifter. Hausten 2017 reiste fleire frå kommunane til Sd-Tirol for å lra om regionen si langsiktige satsing og felles merkevarebygging.

Fredningsomrde for hummar

Det vart etablert 16 fredingsomrde for hummar fr 1. oktober 2018. Initiativet kom fr Sognefjorden Vel. Erfaringar andre stader er at freding har god effekt og gitt auka bestand.

2.2 Attraktiv buregion

Bustadutvikling

Kommunane samarbeider om bustadutvikling i Sogn og nskjer å bruke bustadtilbodet som tiltak for tilflytting og trekka til seg fleire innbyggjarar. Bustadgruppa med planleggjarar vart etablert i 2017 og arbeider for å gjennomfra vedteken bustadstrategi for Sogn. Bustadnettverket var p studietur til Hardanger hausten 2017 ilag med rdet og fagpersonar i kommunane for å henta inspirasjon og erfaringar til eige arbeid. Mars 2019 arrangerte bustadnettverket samling om framtidastadformer for kommunane og byggenringa. I lpet av 2019 vurderer kommunane korleis vidarefra arbeidet i lpet av 2019.

Karrieremesser

Sogn regionrd koordinerer kommunane si deltaking p karrieremessene i regi av Framtidsfylket. Messene er i Bergen, Oslo og Trondheim. Fokus for den felles regionstanden er siste ra retta mot å rekruttera til dei kommunale stillingane og der personal-/HR-nettverket er meir med i arbeidet. Opplegg, innhald og materiell vert jamnleg fornya etter innspel fr kommunane.

Integrering av innvandrarar

Hausten 2018 starta arbeidet for integrering av innvandrarar og gjennomfring av seminar og prosjektplan for å stake ut kursen for vidare arbeid. Vi skal bli betre p å nytte innvandrarar som ressurs i arbeids- og samfunnsliv og f til meir heilskapleg integreringsarbeid ved å samarbeide p tvers av offentleg, privat og frivillig sektor.

2.2.1 Utdanning og kompetanse

Auka tal lreplassar

Etter initiativ fr regionrdet vart det inngtt ein partnerskapsavtale for fleire lreplassar i Sogn. Partnerane er NHO Vestlandet, LO Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane fylkeskommune og kommunane i Sogn regionrd. Formlet med avtalen er å samordne innsatsen for å auke tal lreplassar i regionen.

Regionalt barnehage- og skulesamarbeid

- Sogn regionrd har tilsett programleiar for «System for styrka lring»
- Det er tilsett to ressurspersonar (2 x 40% stilling) knytta til den torige nasjonale satsinga inkluderande barnehage- og skulemilj.
- Entreprenrskapsmesse: Vert arrangert rleg for alle ungdomsskulane i regionen i samarbeid med Ungt Entreprenrskap Sogn og Fjordane og vertskommunen. Hyanger var vertskap i 2017, Balestrand i 2018, Aurland i 2019 og Luster blir i 2020.

- Entreprenøriell verktøykasse: Prosjektet viser korleis vi kan nå måla i læreplanen med entreprenørskap som metode, og enda opp med eit sett av verktøy, døme, idear og arbeidsmåtar som andre skular kan nytte i arbeidet.
- Regional plan for god psykisk helse hjå barn og unge vart vedteken i rådet på slutten av 2016 og gjekk til kommunane for utarbeiding av lokal plan og politisk handsaming av fellestiltaka i planen. Det blir gjennomført 10 timar modulundervisning av tilsette i kommunane i første omgang for barnehagane. Sogn regionråd tilrettelegg og finansierer opplæringa.
- KLAPP er eit forskings- og utviklingsprosjekt som Sogn regionråd samarbeider med Høgskulen om. To lærarar er frikjøpt i delstilling for å halda kurs for personalet, finansiert av midlar frå Helsedirektoratet. Fleire skular i regionen har vore med (Gaupne, Kaupanger, Høyanger, Kyrkjebø, Vadheim).
- Psykolog: I samarbeid med Høgskulen har vi stilling som psykolog som rettleiar og underviser personale i barnehagane og skulane i regionen og som underviser ved høgskulen. Stillinga har i hovudsak vore finansiert av Helsedirektoratet og Høgskulen.
- Regionrådet bidreg med innhald og koordinerer nokre av fagnettverka i barnehagane og skulane (fagnettverk for frå spesialundervisning til tilpassa opplæring, psykisk helse, styrarnettverk og rektornettverk)
- Dialogkonferansen med leiarar innan oppvekst deltok på felles leiarsamling som vart arrangert første gong hausten 2018
- "Barnehagen som lærande organisasjon og arena for kompetanseheving for tilsette og studentar» var eit prosjekt saman med Høgskulen og Utdanningsdirektoratet på kr 1,5 mill. Rapporten vart ferdigstilt februar 2017.
- Programmet vart midtvegsevaluert av NTNU Institutt for leiarutdanning. Rapporten «Å bygge bedre bruer mellom øyene vi sitter på...» viser at barnehagar og skular er på veg mot å realisera ambisjonen om å bli lærande organisasjonar, og dermed medverka til auka kvalitet på arbeidet innanfor heile oppvekstsektoren.
- Prosjektet «Frå spesialundervisning til tilpassa opplæring» vart gjennomført for fem skular i Luster, Leikanger og Vik. Statped Vest var drivarane av prosjektet og PPT var sterkt deltakande. Utviklingsarbeidet har gitt endra praksis på skulane og gitt større rolleavklaring mellom skule, PPT og eigarane.
- Ungdomstrinn i utvikling var ei fireårig nasjonal satsing som varte ut 2017 og vart samkøyrte med vårt regionale utviklingsprogram.

2.3 Samferdsle

Det er utarbeidd ein samferdsleplan for 2016-2018 med prioriterte samferdsletiltak for kommunane i Sogn regionråd:

- Ferjesambandet Hella-Dragsvik-Vangsnes: Sogn regionråd arbeider for 30 minutt ferjefrekvens og nattferjer og gav fråsegn i høyringsrunden.
- Flyruter og nattstasjonert fly: Det har vore møte med Widerøe og departementet for betra rutetilbod (mellom anna med tilpassing av flyruter til Oslo, via Bergen). Det er gitt innspel på høyring til regionale ruteflyingar.
- Fylkesveg 55 – rådet var samla om prioriteringsliste over rassikringstiltak i regional transportplan 2018-2027.

- Aust-vestsamband: Sogn regionråd støttar interessefellesskapet sitt arbeid for å få ein KVU for Skei-Håbakken.
- Vikafjellstunnel: Rådet følgjer utgreiinga av kostnadsregulerande tiltak som vegvesenet byrja på i 2018.
- Sognebåten: Sogn regionråd arbeidde i lag med Visit Sognefjord og næringa for å få utvida sommarrute og flytta endestogg frå Sogndal til Flåm. Fylkeskommunen vedtok å ikkje flytta endestogg.

2.4 Helse

Eit spleiselag frå kommunane, næringsliv og privatpersonar sørga for finansiering av MR-maskina i 2016. Helsegruppa har jamnleg hatt kontakt og møte med Helse Førde for å finansiera utbygginga og slik få etablert tilbodet. MR-maskina vart opna desember 2018.

Det vart gjennomført ein regional risiko- og sårbarheitsanalyse innan akuttmedisin. Bakgrunnen er Helse Førde sitt planarbeid for prehospitale tenester som omfattar organiseringa av ambulansetenesta i Sogn og Fjordane.

Ultralydutstyr: Helsegruppa gav innspel til Helse Førde om behovet for ultralydutstyr ved Lærdal sjukehus. Helse Førde ville drifte utstyret, men ikkje prioritera investeringar. Etter tilråding frå Sogn regionråd vedtok fleire kommunar å finansiera utstyret. Helse Førde melde frå i eit møte i april at dei ville finansiera omlag kr 100 000 av utstyret slik at det kjem på plass hausten 2019.

Samarbeid om kommunepsykologar: Det kjem lovkrav frå 2020 om psykologkompetanse. Arbeidet med utgreiing av aktuelle samarbeidsmodellar munna ut å etablere eit interkommunalt fagnettverk for psykologane i regionen. Den regionale satsinga inneber seks psykologar i kommunane og ein i Sogn regionråd. Det blir etablert ein koordinatorstilling i 20% for det regionale psykolognettverket, finansiert av fornyingsmidlar det første året.

2.5 Geografisk informasjonssystem (GIS):

Sogn regionråd har tilsett GIS-koordinator. Blant aktivitetane kan nemnast:

- Kommunane har felles kartløyning og har installert ny webportal som gir utvida funksjonalitet og som fungerer på mobil
- for å få på plass vegadresser vert adresseprosjektet gjennomført i kommunane
- GIS-koordinator utfører drift- og utviklingsoppgåver for kommunane og gir opplæring til medarbeidarar i kommunane

2.6 Samarbeidsfora og nettverk

Rådmannsgruppa: Rådmannsgruppa utviklar samarbeidet om kommunal forvaltning, administrative funksjonar og tenesteproduksjon i regionen, og møtest om lag seks gonger i året.

Regionale nettverk: Nettverka er arena for erfaringsutveksling og kompetanseheving for tilsette i kommunane, og dei har om lag 2-4 møte i året. Regionråds kommunane har desse nettverka:

Ungdomsnettverk, HR-/personalnettverk, næringsnettverket i Sogn, helse- og omsorgsnettverk, barnehage- og skuleregion Sogn og oppmålingsgruppa. Kulturnettverket vart avvikla i 2018. I regionen er 21 fagnettverk for tilsette i skulane og 8 nettverk for barnehagane.

2.7 Fråsegner

Sogn regionråd har gitt 22 fråsegner sidan 2017 ¹, mellom anna til nasjonal transportplan, regional transportplan, flyruter, ferjeruter og jordbruksmeldinga for å nemne nokre.

2.8 Rapportar

Det er utarbeidd 5 rapportar i perioden 2017-2019 som har vore av eller på oppdrag frå Sogn regionråd:

- Samarbeid om kommunepsykologteneste, Ulvestad 29.1.2019
- Hardanger og Sogn møter det nye fylket - Utfordringsdokument, Vidsyn rådgjeving AS, 15.12.2018
- Å bygge bedre bruer mellom øyene vi sitter på... Rapport frå evaluering av System for styrka læring, NTNU 4.4.2018
- Entreprenøriell verktøykasse - sluttrapport 23.3.2018
- Vurdering risiko- og sårbarheitsanalyse innan akuttmedisin, 5.2.2018
- Frå spesialundervisning til tilpassa opplæring, 6.11.2017
- Studietur Süd-Tirol 2017
- Rapport om lærande organisasjon og arena for kompetanseheving for tilsette og studentar, Høgskulen på Vestlandet, 8.2.2017

2.9 Ekstern finansiering

Sogn regionråd har motteke eksterne midlar på kr 6 626 000 frå 1.1.2017 mellom anna har vi fått tilskot til følgjande prosjekt/tiltak:

Prosjekt/tiltak	Tilskot frå
Psykologstilling	Helsedirektoratet
Koordinator for regionalt psykolognettverk	Fornyingsmidlar frå Fylkesmannen i Vestland
Kompetanseutvikling for barnehagar og skular	Fylkesmannen i Vestland
Inkluderande barnehage- og skulemiljø	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Dialogkonferanse for leiarar i barnehage og skule	OU-midlar frå KS
Regionale utviklingsmidlar	Sogn og Fjordane fylkeskommune

¹ <https://www.sogn.regionraad.no/fraasegner.159312.nn.html>

3 Gjennomgang og vurdering av arbeidet med regionalplanen

Arbeidet med regionalplan 2017-2020 hadde følgjande tidsplan:

Periode/ tidsfrist	Aktivitet
6. november 2015	Sogn regionråd handsamar evaluering av regionalplan 2013-2016
4. desember 2015	Sogn regionråd tek stilling til framdrifts- og prosessplan for ny regionalplan
10. februar 2016	Sogn regionråd set av midlar til regional analyse for Sogn og arbeidet med regionalplan
August- september 2016	Kvart formannskap drøftar og evaluerer regionalplan 2013-2016, jf dokument handsama i Sogn regionråd 6.11.2015 og utfordringar og moglegheiter i forkant av fellesmøte
30. september 2016	Arbeidsmøte med formanskapa, rådmenn, næringsansvarlege og eksterne aktørar: Føredrag og arbeidsverkstad
Oktober 2016	RUP-gruppa drøftar planarbeidet
Oktober- november 2016	Kommunevise møte for innspel til satsingar i regionalplan i høve kommuneplanar/næringsplanar
Oktober- november 2016	Oppsummering, målformulering, kategorisering av innspela som grunnlag for strategiar og satsingsområde. Gjere klar planframlegg.
9. desember 2016	Sogn regionråd vedtek å senda planframlegget (strategidelen) på høyring
Januar-februar 2017	Kommunestyra og eksterne aktørar handsamar planframlegget (strategidelen)
31. mars 2017	Sogn regionråd vedtek regionalplan 2017-2020 (strategidel)

Handlingsdelen av planen blir rullert årleg.

3.1 Involvering i planprosessen

Arbeidet med gjeldande regionalplan byrja 2016. Planprosessen involverte folkevalde og eksterne aktørar vart inviterte med. Det var heil dags arbeidsmøte med formannskapsmedlemmar, rådmenn, næringssefjar og eksterne aktørar i hausten 2016. I etterkant vart det gjennomført kommunevise intervju for innspel og drøftingar. Framlegg til regionalplan for 2017-2020 (strategidelen) vart sendt på høyring til kommunane for politisk handsaming og til eksterne aktørar.

3.2 Eigarskap og samhandling

Føremålet til rådet er å vera ein felles arena med fokus på å sikra og vidareutvikla rammevilkåra for busetnad og næringsliv i regionen. Rådet skal også fungere som base for definerte prosjekt og vidare ha som mål å samordna og forenkla oppgåver for eigarane.

Måla i regionalplanen er styrka næringsutvikling og auka folketal. "Planlaging" etter eit instrumentelt planleggingsideal vil vanskeleg gje regional utvikling. Det ville kravd full kunnskap om situasjonen, klare mål, eintydige virkemiddel og stor kontroll over virkemidla. I samfunnsplanlegging kan måla vera omstridde og virkemidla ukjende, og då vil kommunikative metodar vera meir eigna å bruka. I planprosessen i 2016 skjedde dette ved at politikarane gav innhald til planen, medan administrasjonen organiserte arbeidet og samanfatta innspela.

Kommunane har ulike behov og utfordringar og skal samla seg om felles satsingar. Bakgrunnen for å involvera breitt i planprosessen var å få sterkare eigarskap og forankring i kommunane. For å styrka rådet si rolle som regional utviklingsaktør var vurderinga at rådet bør vera gode på prosess. Gode prosessar i planarbeidet vil kunne betra gjennomføringsevna for tiltaka. Samarbeidet i regionrådet er frivillig og går ikkje lenger enn kva kommunane blir samde om. Resultatet kan ofte bli litt uinteressante tiltak som ikkje vekker den store entusiasmen. På den andre sida kan konsensusprinsippet motverka at det oppstår eit demokratisk underskot. Mange av rådet sine tiltak er langsiktige, til dømes arbeidet innan samferdsle (flyruter, ferjeruter mv). Regionrådet si rolle er å påverka avgjerdstakar og inneber i mange tilfelle prosessar som tek tid. Samstundes er det derfor viktig med «kortreiste resultat» og prosjekt og tiltak som er enkelt å få gjennomført og kan plukkast som «lågthengande frukt». Rådet har også funksjon som base for konkrete prosjekt som rådet kan samlast om.

Regionalplanen er eigna for å dra igang prosessar der det kan vera uvisse om kva ein kan tena på i samarbeidet. Det er problem viss medlemane i rådet let vera å engasjera seg i viktige saker fordi dei er konfliktfylte. Ei løysing er å bli samde om mål og prosessar slik at deltakarane ikkje hoppar av straks det oppstår usemje.

I samband med av evaluering av førre regionalplan kom det innspel mellom anna om at formannskapa bør ha ein runde om regionalplanen i forkant av felles formannskapsdag. Eit anna innspel var at regionrådet må prioritera nokre få saker istadenfor mange. Gjeldande regionalplan er meir spissa og har færre satsingsområde enn tidlegare planar.

Avslutning

Dokumentet gir ei kort oppsummering av aktivitetar og ein gjennomgang og vurdering av regionalplanprosessen. Administrasjonen vurderer at den involverande planprosessen har vore eigna til å få sterkare eigarskap frå kommunane si side til regionalplanen. Rådet bør drøfta erfaringane frå arbeidet frå 2016, og kva som vi har vore gode på og kva vi kan bli betre på. Dette vil vera eit grunnlag for det nye rådet sine vurderingar for planprosessen for neste plan 2021-2024. Det er ønskeleg at rådet på det siste møte drøftar og gir innspel til administrasjonen med utgangspunkt i følgjande: Kva bør vi halde fram med, kva praktiserer vi ikkje godt nok, kva er ikkje lenger tenleg å vidareføre og kva treng vi for å møte framtidens utfordringar.